



Det blir ikkje bygging førebels på denne krem-tomta ved Eiklandet. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Arild Lillenes i Uskedalen Eigedomsutvikling har vore klar til byggjestart på Eiklandet lenge, men førebuingane har trukke lenger ut enn venta. Hovudskulda for det legg Lillenes på Statens vegvesen. Prosjektet går ut på å byggja åtte like bustader der det gamle trelastlageret låg Det blir truleg ikkje noko bygging i vår slik planen var.

- Vegvesenet kom med innvendingar som kravde endringar, det galdt først og fremst avstanden til riksvegen. No har vi sendt inn eit justert forslag og så får vi sjå om dei er fornøgde, seier Lillenes.
- Krava frå vegvesenet har ikkje som konsekvens at dei må redusera talet på hus.
- Kva med kommunen, mange andre byggherrar klagar over sein sakshandsaming...
- Så langt har vi hatt grei kontakt med kommunen, men vi har jo registrert at dei har mykje å gjera, svarar Lillenes.

Han samarbeider med Tungesvik Bygg og Bøvågen Service om dette prosjektet, som har likheitstrekk med Uskedalen Brygge med omsyn til nærleik til fjorden.

Arkitekt Ove Grung i Bergen har teikna husa, som skal vera like og 100 kvadratmeter store – pluss takterasse og loftsbod. Husa skil seg mykje frå tradisjonelle "nausthus" i utsjånad og utløyste reaksjonar frå einskilde i lokalmiljøet i starten. Men mykje tyder på at dei som reagerte no har roa seg ned..

Av Ola Matti Mathisen